


Årsmelding 2023

Hareid sokn



Godkjent av Hareid sokneråd sak SR 10/24

Innhald

1. Saksliste årsmøtet	3
2. Frå soknepresten: Det urimelege ved å vere menneske	4
2.1. Bevernylonvilje... ..	4
2.2. Tru mot mange odds	4
2.3. Å 'kyrkje' eller ikkje 'kyrkje'	5
3. Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellesråd	6
3.1. Kyrkjevalet 2023	7
3.2. Opa kyrkje - ei nærverande folkekyrkje	8
3.3. Konfirmantmusikal med suksess	9
3.4. Ny historiebok om kyrkje og kristenliv i Hareid.....	10
3.5. Døgnopa kyrkje i høve Møre bispedøme sitt 40-årsjubileum	11
3.6. Drop-in-dåp – blitt ein tradisjon	12
3.7. Hanna-Elise var sommarvikar for prestane	12
3.8. Eldrefest under Hareidsstemna 2023	13
3.9. Matkasseutdeling jula 2023.....	14
3.10. Tilsette og frivillige	15
3.11. Soknerådet sine underutval 2023	16
4. Kyrkjeleg årsstatistikk.....	17
4.1. Aldersfordeling for innbyggjarane i Hareid kommune.....	18
4.2. Medlemskap DnK.....	18
4.3. Gudsteneste- og nattverd deltaking.....	19
4.4. Dåp.....	19
4.5. Konfirmasjon.....	20
4.6. Ekteskapsinngåing	20
4.7. Gravferd	21
4.8. Inn- og utmeldingar DnK.....	21
4.9. Digitale aktivitetar i 2023	22
5. Gudstenestelivet	23
6. Diakoniarbeidet	25
7. Kyrkja og kyrkjegarden	27
7.1. Kyrkja	27
7.2. Kyrkjegarden.....	28



8.	Misjon & misjonsprosjektet	30
9.	Kyrkjemusikalsk arbeid.....	32
9.1.	Hareid Barnekantori	35
10.	Undervisning og trusopplæring.....	37
11.	Hareid frivilligsentral	40
11.1.	Oppgaver.....	42
11.2.	Aktiviteter	42
12.	Kyrkjelydshuset	44
12.1.	Nokre av tiltaka og utleige på huset	45
12.2.	Renoveringsprosjekt i 2023	46
12.3.	Gjevarteneste.....	47
12.4.	Korleis bli fast gjevar?	48
12.5.	Økonomisk oversikt kyrkjelydshuset 2023	48
13.	Økonomi: Førebels rekneskap og budsjett	49
14.	Kommunikasjon & kontakt.....	51
14.1.	Kyrkjesida i lokalavisa.....	51
14.2.	Heimeside og sosiale media.....	52

1. Saksliste årsmøtet

Årsmøtet Hareid sokn, kyrkjelydshuset laurdag 13. april 2024.

1. Konstituering av årsmøtet
2. Årsmelding 2023 for Hareid sokn
3. Førebels rekneskap 2023 og budsjett 2023
4. Orienteringar



Foto: Den norske kyrkje



2. Frå soknepresten: Det urimelege ved å vere menneske

Som prest får eg mange samtalar gjennom eit år som speglar at livet kjenst fleire nummer for stort for menneske. Eg har siste tida henta fram att Kari Bremnes sin song "Beskyttelse", der ho skriv om overgangen frå trygg barndom til brutal vaksenrealisme:

*Æ va et heldig barn / Æ hadde gode ting omkring mæ / Gode tanka, gode stemma,
bevernylondress / Æ levde lenge utan fare Æ trudde denne beskyttelsen va kommet for
å bli / Va te å stole på, skulle vedvare et liv / At når deres daglige omsorg ikkje lenger va der /
Va det oppstått ei hinne av beskyttelse omkring mæ på grunn av deres omsorg og kjærlighet
/ I hvert fall hadde den lært mæ å oppsøke det gode, det riktige, det sunne / Jo takk. Den
mest rystende erkjennelsen æ har gjort nångang e den at der e ikkje beskyttelse / De vaksne
har gått sin vei og beskyttelsen e opphørt...*

2.1. Bevernylonvilje...

Kari sin konklusjon er at det einaste vernet du har, er *viljen*. Det er den som er overlevingsdrakta. Og at mange kunne trengt ein seig en – bevernylonvilje – men at det er fort gjort å få utdelt feil størrelse...

Kari teiknar eit bilete mange vil kjenne att. Det er tøft å innsjå at 'hinna av beskyttelse' kanskje ikkje er slik barndomsbileta eller barnetrua teikna det. At livet er så skjørt og ubeskytta som ei tøff vaksenverd avslører. For mange forsvann dei trygge bileta så altfor tidleg. Og for mange var konsekvensen at 'barnetrua' vart både forlegen, taus og tilbaketrekt i møte med vaksenlivet. At barnetrua likevel har ei viktig forankring hos mange fleire enn vi er klar over, vert òg meir synleg i fortrulege samtalar. Noko ved barnetrua har ei kvalitet som nektar å sleppe heilt taket sjølv om tilværet viser seg meir komplisert enn barneaugo såg.

2.2. Tru mot mange odds

Som kyrkje står vi djupt rotfesta med det eine beinet solid planta i alt det vanskelege dette livet byr på, og det andre beinet planta i orda om tru, von og kjærleik. **Å gi menneske – uansett alder – mot til å tru på, og satse liv og krefter på 'DET GODE' trass alt som vitnar om 'det vonde', dét er adelsmerket vårt.** Livet kan framleis vere mange nummer for stort, men trua på ein Gud som ikkje gjekk utanom smertene ved dette sårbare livet, men tvert om tok på seg 'våre sko' og gjekk våre vegar for å kjenne kvar det trykker – den trua kan gje ei uvurderleg handsrekking til den viljen som var sliten og ikkje strakk til. Og i utforskinga av dét landskapet kan òg barnetrua få vekse til ei slitesterk og livsstyrkande vaksentru.

Kari har rett i at viljen er umisseleg. Som samfunn og fellesskap er vi heilt avhengige av at den einskilde *vil* godt, og handlar etter det. Men viljen treng støtte og hjelp. *Trua* vågar på heilt særskilt vis å trasse oddsa som vil sparke bein under viljen.





Frå ei av konfirmasjonsgudstenestane i Hareid kyrkje 2023. Foto: Hareid sokn

2.3. Å 'kyrkje' eller ikkje 'kyrkje'...

Kyrkja sitt bidrag til at Hareid får vere eit godt lokalsamfunn ligg på veldig mange og ulike plan. Mykje handlar om å styrkje motet. Motet til å tru 'det gode' trass utdelte odds. Motet til å satse på fellesskap med kvarandre, sjølv om ein kanskje aldri fekk utdelt bevernylonvilje som tolte alt. **At vi har hovudfokus på barn og unge er ein naturleg konsekvens av ønsket om å styrke toleevna for den einskilde.** Det same gjeld all tilrettelegging for styrkande erfaringar av *fellesskap*, anten det er i innsats gjennom Frivilligsentralen, eller i oppgåver knytt til alle dei møteplassane vi skaper i kyrkje og kyrkjelydshus. At vi framleis satsar på digital formidling, tener same hensikta. Motet kan styrkast gjennom ord og tonar. **Målet er at motet blir stort nok til at viljen vågar satse på å møte 'dei andre', for det er andlet til andlet at vi verkeleg blir stadfesta- og styrkte som menneske.** Om ikkje resultatet er så lett å måle i kroner og rekneskapstal, vågar vi likevel påstanden at kyrkja sin innsats i Hareid-samfunnet er eit sterkt bidrag til at den *menneskelege* rekneskapen går i pluss, til beste for langt fleire enn dei som går jamleg over dørstokkane.

Så blir dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken. (1. Kor. 13,13)

Hareid, mars 2024

Lars Hartig-Tangedal

-sokneprest i Hareid-



3. Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellestråd

Soknerådet er styringsorganet i vår kyrkjelyd og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Soknerådet vert valt kvart fjerde år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Hareid kyrkjelege fellestråd, som i hovudsak har ansvar for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvaltning. Hareid kyrkjelege fellestråd er og arbeidsgjevar for dei tilsette, forutan prestane som prosten har ansvaret for.

Sokneråd/fellestråd perioden 2019-2023:

Leiar	Ann Helen Grimstad Worren
Nestleiar	Bård Grimstad
Sekretær	Kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog
Medlem	Marit Øien Sæverud, Stein B. Karstensen, Hanna E. Langnes Moldskred, Sissel Seljebotn, Øyvind Grimstad, Kristoffer Indreeide Grimstad.
Varamedlem	Kjersti Røyset Topphol (1. vara som møter fast), Georg Fabian Stordal, Laila Kristin Bjåstad, Jahn Kjell Fjørtoft, Marit Nora Pettersen.
Geistleg repr.	Sokneprest i Hareid
Geistleg vararep.	Sokneprest i Ulstein

Hareid kommune sin representant i Hareid kyrkjeleg fellestråd: Bernt Brandal (ordførar)
Kommunal vararepresentant: Annika Brandal (varaordførar)

Etter kyrkjevalet hausten 2023,

blei følgande sokneråd/fellestråd valt for perioden 2023-2027, med verknad frå 01.12.2023:

Leiar	Stein B. Karstensen
Nestleiar	Sissel Anita Riise
Sekretær	Kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog
Medlem	Leidulv Hareide, Karsten Robert Kirkebø, Sissel Janka Knardal, Elisabeth Øvrelid, Elling Bjåstad, Marit J. Øien Sæverud.
Varamedlem	Anne-Liv Holstad (1. vara som møter fast), Birte Mork Fure, Aud Helen Tjervåg, Vibeke Rafteseth, Marita Husøy Mork.
Geistleg repr.	Sokneprest i Hareid
Geistleg vararep.	Sokneprest i Ulstein

Hareid kommune sin representant i Hareid kyrkjeleg fellestråd: Bernt Brandal (ordførar)
Kommunal vararepresentant: Oskar Grimstad (varaordførar)

Prosten leier prestetenesta i prostiet og er næraste overordna for prestane. Hareid sokn får tilskot til kateket og trusopplærings-stilling. Tilskotet utgjer 50 % av lønskostnadane til desse stillingane og arbeidet skjer etter ein godkjent plan.



Møteverksemd

Hareid sokneråd/kyrkjelege fellesråd har hatt 9 møter i 2023, og handsama 34 fellesrådssaker og 43 soknerådssaker. Møta er opne for tilhøyrarar. I tillegg har soknet fleire aktive underutval der soknerådsmedlemmane er fordelt i dei ulike underutvala.

Årsmøte 2023

Årsmøtet vart halden på kyrkjelydshuset laurdag 11. mars 2023, kl 1530-1730, i etterkant av Superlaurdag. Det er blitt ein tradisjon å halde årsmøte i samband med anna arrangement på kyrkjelydshuset, til inntekt for kyrkjelydshuset. Totalt 75 personar tok del på årsmøtet, og enno fleire var med tidlegare på dag.

Soknerådsleiar Ann Helen Grimstad Worren og nestleiar Bård Grimstad presenterte kvar sin del av årsmeldinga, og takka frivillige og stab for innsatsen gjennom året, medan bilder frå året som hadde gått rulla på storskjerm. Kyrkjeverja presenterte førebels rekneskap og budsjett. Orienterte også om det nye kyrkjekontoret og oppgraderingane som er gjort på kyrkjelydshuset og gjevartenesta for huset. Barnekantoret, Grimstadkoret og Arild Grimstad song for oss, Ida Teige spela piano til. Sosialt og matykt med både lodd, tombola og kaker. Som ei overrasking hadde soknet ordna ei flott «80-års jubileumskake» til Grimstadkoret sidan dei hadde jubileum i 2022. Dette vart det satt stor pris på. Trekking av loddbøker og lynlodd, før vi avslutta med allsong og velsigning ved sokneprest Lars Hartig-Tangedal.

3.1. Kyrkjevalet 2023

Kyrkjeval gjennomførast kvart fjerde år og er eit demokratisk val der ein vel kven som skal styre Den norske kyrkja dei neste fire åra. Valdagen var 11. september. Alle som er medlem i DnK har stemmerett i kyrkjevalet. Då kan ein vere med å bestemme korleis kyrkja skal styrast lokalt og regionalt. I kyrkjevalet kan kyrkja sine medlemmer (alle døypte som fyller 15 år i valåret eller eldre) stemme på kandidatlar til sokneråd (lokalt) og bispedømeråd i bispedømet (regionalt). Bispedømeråda utgjer Kirkemøtet (nasjonalt), som er kyrkja sitt øvste organ.



Kyrkjevalet: Å vere folkekyrkje midt i alt som er. Mange stilte opp som valpersonell på sjølve valdagen, her ser vi nokre av dei. Frå venstre: Marit Nora Pettersen, Marit Øien S., Hans Otto Brekke og Kjersti Røyset Topphol. Foto: Hareid sokn



Soknerådet er kyrkja sitt «styre» og representerer alle medlemmane innanfor kyrkjelyden. Det er summen av det lokale engasjementet som tel og eit breitt samansett sokneråd er såleis viktig for at alle skal kunne finne sin plass i kyrkja.

Kyrkjelyden sine medlem røysta fram det nye soknerådet for perioden 2023-2027, der det er 8 faste medlemmar og 5 vara. Saman med val av sokneråd vart det også valt nytt bispedømeråd i Møre bispedøme. Stemmesetlane til bispedømet vart sendt vidare til bispekontoret i Molde for oppteljing der, og resultatata blei presentert frå bispedømet. Ved soknerådsvalet i Hareid var det 16 % (496 personar) som røysta. Totalt for både soknerådsvalet og bispedømevalet var det 16 % (497 personar) som røysta. Prosentvis fordeling på krinsane var for Hjørungavåg 16 %, Bigset 11 %, Hareid 11 % og Brandal 31 %. Seks personar under 18 år røysta. 10,8 % hadde førehandsrøysta enten digitalt eller fysisk på kyrjekontoret, på Hadartun eller i høve gudsteneste.

Vi takkar alle som har vore med å gitt si røyst i kyrkjevalet 2023 - og ønskjer det nye soknerådet velkomen og alt godt for den oppgåva de er valt til!

3.2. Opa kyrkje - ei nærverande folkekyrkje

Vi ønskjer å legge til rette for at alle kan vere deltaktige og kjenne seg verdsett i vår kyrkjelyd. I ein verden prega av både kriser, nød og bekymringar – ønskjer vi å ta eit sosialt ansvar å løfte fram håpet.

24. februar var det kveldsopa kyrkje i høve 1-års markering av krigen i Ukraina. Det pågår krig og konflikhtar også i andre deler av verda, så kyrkja var ope for absolutt alle som vil kome å kjenne på samhold og håp. Kirkemøtet (øvste organ i Den norske kyrkja) oppfordrar innstendig norske myndigheiter til å oppretthalde den humanitære støtta til andre deler av verda, samtidig som ein støttar Ukraina.



OPA KYRKJE:

Tenne lys, be og kjenne på samhold og solidaritet. Arrangementet starta på biblioteket, etterfulgt av fakkeltog til opa kyrkje. Vi må ikkje ta vår fred for gitt. Takk til diakoniutvalet på post. Foto: Hareid sokn



3.3. Konfirmantmusikal med suksess

Konfirmantane, staben og frivillige, laga musikalen «Peter» - eit prosjekt der alle har vore med og hatt oppgåver av ulik karakter. Konfirmantmusikalen "Peter" handlar om dei 12 læresveinane til Jesus, og Jesu siste dagar på jorda. Konfirmantane fekk lage kostymer, kulissar, scene, sto for det musikalske, songen, lyd, lys, skodespel, ja alt!



Konfirmantmusikal med suksess: «Gjennom dramatisering, opplesing og ikkje minst song og musikk, tok konfirmantane oss frimodig med gjennom fleire av fortellingane om Peter, heilt frå Jesus bad han om å «joine» han, der ved breidda av Genesaretssjøen for 2000 år sidan», sitat Jorulf Myrene, Vikebladet Vestposten. Foto: Hareid sokn

Undervisningsopplegget for dei 62 ungdomane som blei konfirmert i Hareid kyrkje i mai i år, blei tilrettelagt både for å gjere noko kjekt som dei ilag kunne jobbe fram mot, men også for å tilpasse dei talent, utfordringar og eigenskap som dette kullet hadde. Undervisninga har difor vore ei god blanding av teori og praksis. Arbeidet starta tidleg på hausten 2022 og har pågått heilt til framsyninga i Hareid kyrkje både laurdag 4. og søndag 5. mars 2023. Framsyninga var open for alle som ville kome, og det var fullsatt kyrkje begge dagane. Kyrkjerommet var kreativt omgjort til både hav og land, i stille og i storm, med effektar som røykmaskin og lyskastarar.

Med ein liten stab, har vi difor knytt til oss nokre frivillige med rett kompetanse, som vi har tradisjon for å gjere. Folket i Hareid er glad i kyrkja si og positive til arbeidet som vert gjort. Det er difor aldri vanskeleg å få hjelp når det trengs. Og kjekt har det vore!

Musikalen er skriven av Johannes Halvorsen, der vi har redigert litt tekst og tilpassa vårt miljø. Om det blir gjentaking for seinare kull, får tida vise. Krevjande, lærerikt og kjekt har det i alle fall vore. Og kanskje har nokon av konfirmantane fått ei tilnærming til historiane, som vil bli hugsa på ein annan måte med å ta aktivt del i suksessen med konfirmantmusialen «Peter».



3.4. Ny historiebok om kyrkje og kristenliv i Hareid

Hareid historielag gav ut ei ny historiebok under Hareidsstemna 2023, ei bok om korleis kyrkje og kristendom opp gjennom åra har vore med på å skape Hareid, påverka tankeliv og kultur, fått menneska til å samhandle - vore lim i samfunnet. Vi lærer om kyrkjene som har stått i Hareid frå mellomalderen til i dag, om kultur og lagsarbeid i bygdene her på Hareidlandet og det viktige frivillige arbeidet som er gjort i dei tallause lag og foreiningar – for å nemne noko. Boka er krydra med gode illustrasjonar, gamle og nye.

Hareid historielag er utgjevar av historieboka, ansvarleg redaktør frå historielaget er Finn Sindre Eliassen, og forfattar er Asle Geir Widnes Johansen. I redaksjonsnemnda var det også Jon Kåre Mork frå historielaget, Magne Grimstad jr. frå Osberget og frå soknet; sokneprest Lars Hartig-Tangedal, tidlegare sokneprest Leidulv Ø. Grimstad og kyrkjevevje Bente Andreassen Pilskog. I 2027 er Hareid kyrkje 150 år. Om 10 år er også det som skjer i dag – historie. Å ta vare på historia vår er svært viktig! Takk til Hareid historielag som påtok seg dette viktige oppdraget med boka, og takk til økonomiske støttespelarar: Møre Bispedøme, Hareid kyrkjelege fellelsråd, Sparebanken Møre, Hareid Kommune, Hareid historielag, Intership AS, Tussa AS!



«Himmel over bygda»: Historieboka kan ein få kjøpt på kyrkjekontoret.

Åttekantkyrkja frå 1806-1877 slik ho kan ha sett ut. illustrasjon: Arnfinn Mork Stordal



3.5. Døgnopa kyrkje i høve Møre bispedøme sitt 40-årsjubileum

Vi feira Møre bispedøme sitt 40-årsjubileum med døgnopa kyrkje frå 16.-17. september. Feiringa i kyrkja starta med 4-åringane som øva til gudstenesta neste dag, sporløp på kyrkjegarden, omvising i kyrkja og prestestova, presentasjon av historieboka som var i kjømda, kveldstonar v/Barnekantoret, song og musikk ved Daniel Eide Moltumyr og Musikklaget Melshorn, kveldskafe og filmkveld, kveldsbøn med musikk og songinnslag, og overnatting i kyrkja for dei som ville det (eit tilbod, men som ingen nytta seg av). Avslutta med gudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok» for 4-åringar og kyrkjekaffi.

Møre er det yngste bispedømmet i Den norske kyrkja og feira 40-årsjubileum i 2023. Sjølv om bispedømmet er ungt, høyrer grunnlaget og andsarven i dette bispedømmet til dei eldste og viktigaste røtene for kristen tru i Noreg. Kyrkja har hatt ein sentral rolle i alle bygder og byar i Møre og Romsdal gjennom tusen år. Ikkje minst har kyrkja hatt ei avgjerande betydning for menneskes liv, i glede og i sorg. 40-årsjubileet gav oss eit høve til å synleggjere lokalkyrkja og noko av det fantastiske arbeidet som skjer i lokalsamfunna i bispedømmet vårt.

Litt historikk: Møre bispedøme blei oppretta i 1983, då det blei skilt ut frå Nidaros bispedømme og Bjørgvin bispedømme. Møre bispedøme omfattar Møre og Romsdal fylke. Bispedøme er delt i seks prosti, 25 kyrkjelege fellestråd og 95 sokn/kyrkjelydar. Talet på kyrkjemedlemmer (2021) er 202 644, som svarar til 76 prosent av befolkninga. Bispesetet er Molde. Den første biskopen var Ole Nordhaug (1983-1991), etterfølgd av Odd Bondevik (1991–2008). Biskop frå 2008 er Ingeborg Synøve Midttømme.



DØGNOPA KYRKJE MED VARIERT PROGRAM: Både staben, sokneråd og frivillige tok del og tilrettela for døgnopa kyrkje. Her ser vi nokre som vi fekk med på eit bilete. Forran frå venstre: Ida Teige (kantor), Anton Tonev (kyrkjetenar), Bente Andreassen Pilskog (kyrkjevevjerje), Lars Hartig-Tangedal (sokneprest). Bak frå venstre: Leidulv Ø. Grimstad (tidlegare sokneprest), Bjørg Vartdal Hareide, Wenche I. Roppen og Stein B. Karstensen. Foto: Andreas Bjercknes/Vikebladet Vestposten.



3.6. Drop-in-dåp – blitt ein tradisjon

For tredje år på rad arrangerte vi drop-in-dåp. Torsdag 1. juni kl 1800 var det tilrettelagt i kyrkja for dåp. Å bli døypt i ein drop-in-dåp er heilt enkelt og like stort som å bli døypt i ein vanleg gudsteneste. Når det er drop-in-dåp brukar vi ei heilt enkel ramme for seremonien. Dåpen har ingen aldersgrense, både barn og vaksne kan døype seg. Ein ungdom og ein vaksen valte å nytte seg av tilbodet for drop-in-dåp denne gongen.

3.7. Hanna-Elise var sommarvikar for prestane

I sju veker hadde vi prestestudent Hanna-Elise Grønmyr (26) ilag med oss på kyrkjekontoret. Ho var sommarvikar for prestane i Hareid og Ulstein, og vi i staben fekk ein prestestudent i lag med oss. Dette inneberer eit ansvar for å legge til rette arbeidskvardagen og gi opplæring på best mogleg måte, slik at erfaringa blir positiv og at studenten blir motivert til å fullføre utdanninga si. Sokneprest Lars Hartig-Tangedal hadde det faglege ansvaret. Hanna-Elise fekk utføre ulike type oppgåver i høve kyrkjelege handlingar som gudstenester, dåp og gravferder. Vi takkar kyrkjelyden for at dokke tok ho godt imot og vi ønskjer Hanna-Elise lukke til vidare!



SOMMARVIKAR:

Kjekt å ha Hanna-Elise ilag med oss på kyrkjekontoret sommaren 2023. I sju veker fekk ho erfare korleis det kan vere i presteyrket, med dei ulike oppgåvene det inneberer. Ho utførte ulike oppgåver i høve både gudstenester, dåp og gravferd. Og korleis eit kontorfellesskap med resten av staben kan vere. Biletet ilag med sokneprest Lars Hartig-Tangedal er frå gudstenesta på ishavsskuta Aarvak på Ishavsmuseet der ho fekk døype 3 born. Foto: Hareid sokn



Å promotere kyrkja og rekruttere nye tilsette i Den norske kyrkja er viktig, difor tok Møre bispedøme del på utdanningsmessa i Oslo hausten 2023 «Bli med hit! Møre og Romsdal», der også kyrkjevevjerje Bente Andreassen Pilskog bidrog på Dnk sin stand. Det er mange ulike typar stillingar i kyrkja, med meir variasjon og mangfald enn mange kanskje trur. I tillegg til stillingane som ofte blir kalla dei som går i "kappe og krage" er det og mange som jobbar i stillingar som ikkje er vigsla. Dei som søker kyrkja sine tenester treng å bli møtt av tilsette med serviceinnstilling og kunnskap. Ei levande lokalkyrkje er avhengig av eit tverrfagleg fellesskap. Eit fellesskap der dyktige fagfolk kan samarbeide om å skape gode møter mellom menneske, og legge til rette for møte mellom menneske og Gud. Difor har kyrkja behov for folk med kompetanse innanfor alt frå økonomi og administrasjon til byggdrift og grøntfag. Gode kyrkjevevjerjer og andre leiarar er viktig. Kyrkja treng folk som kan engasjere og administrere frivillige, og treng mangfaldet som skal til for at kyrkja kan vere for alle, der dei er.

3.8. Eldrefest under Hareidsstemna 2023

At bygdafolket sett pris på arbeidet som kyrkja gjer på Hareid, er alltid kjekt å få tilbakemelding på. At nokon også tek initiativ til noko som dei saknar, er ekstra stor stas. Ivar Røyset (90 år) sakna ei fest for vaksne og eldre i bygda og kontakta Hareid sokn om dette kunne ordnast. Pengar hadde han fått ordna med lokalbanken Sparebanken Møre, der han sjølv var banksjef i sitt yrkesaktive liv. Dette synes kyrkjevevjerja var så imponerende og vakkert, at ein ikkje kunne seie nei til initiativet.

I samspel med kantor Ida Teige, programleiar Sissel Anita Riise og kyrkjevevjerje Bente Andreassen Pilskog, var initiativtakaren sjølv med å sette opp programmet for festen som ein programpost under Hareidsstemna 2023. Ein staseleg og høgtideleg fest med mykje song og musikk, v/Leiv Arne Nydal, Ida Teige, Vox Virorum og Barnekantoriet. Fellessong og god og lang matykt med flotte smørbrød og rundekaker levert frå SUFH, og lodd til inntekt for kyrkjelydshuset. Sparebanken Møre som sponsa festen overraska bygdafolket med eit maleri av den gamle prestestova som i alle år har hengt i banken. No skulle maleriet få pryde på kyrkjelydshuset. Avslutningsvis hadde sokneprest Lars Hartig-Tangedal "Ord for dagen" og sendte ein fullsatt sal heim - med ei velsigning og takksamheit for det fine fellesskapet. Hjarteleg takk til sponsor Sparebanken Møre, initiativtakar Ivar Røyset, aktørar og frivillige!



MYKJE FOLK TOK DEL PÅ

FESTEN: Frå venstre:

Melinda Skeide

(kulturkonsulent i Hareid kommune), initiativtakar Ivar Røyset, Leidulv Ø.

Grimstad, Leiv Arne

Nydal og Solgunn Røyset

Almedal (representantar frå Sparebanken Møre som sponsa festen).

Foto: Hareid sokn



3.9. Matkasseutdeling jula 2023

Vår frivilligsentral delte ut matkasser til jul for dei som treng det. Bygdefolk blei oppmoda om å levere julegåver som vi kunne legge ved matkassene. Det var i år ein markant auke i behovet for matkasser, grunna auka renter, dyrare bensin og auka levekostnadar generelt, og ikkje minst fleire flyktningar i Hareid.

Det vart delt ut 97 matkasser, 350 menneskjer fekk hjelp og om lag 350 julegåve blei fordelt til familiane. Heldigvis aukar også folk si vilje og ønskje om å hjelpe i takt med det auka behovet for matkasser.

Hareid Sanitetsforening støtta stort med kr 40.000, i tillegg støtta både ulike lag og organisasjonar, privatpersonar, bedrifter og fylket med midlar. Ei gledeleg overrasking kom då Sparebank1 stiftelsen sponsa med kr 200.000 øyremerka denne aktiviteten. Frivillige som er knytta til frivilligsentralen, Hareid Sanitet og Lions, pakka julegåver, henta mat og fordelte i matkassane og kørte ut med kassane. Alle som ville kunne ta kontakt for å få matkasse innan ein gitt frist, i tillegg samarbeidde frivilligsentralen med ulike lokale instansar for å finne ut kven som kunne trenge matkassar. Vi takkar alle som bidrog med dette viktige arbeidet i førjulstida – til nytte, glede og omsorg for kvarande!



97 MATKASSAR VART DELT UT TIL JUL: Det vart mykje og godt engasjement for å hjelpe kvarande i alle ledd, i høve matkasser til jul. Her ser vi litt av varene som skal fordelast og pakkast. Foto: Hareid sokn

3.10. Tilsette og frivillige

Tilsette med Hareid kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar:

Kyrkjeverje:	Bente Andreassen Pilskog 100%
Kantor:	Ida Teige 100%
Kyrkjelydspedagog:	Barbro Landmark 100%
Sekretær/medarbeidar i trusopplæring & kyrkjelydshus:	Eli-Sølvi Jønsson 100%
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb.:	Anton Tonev 100 %
Dagleg leiar Hareid Frivilligsentral:	Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 %
Ekstrahjelp/vikarar:	Odd Lykstad, Bachar Alaytam, Bjarte Sunde, Anvor Sukka, Lidvar Grimstad, Ståle Helvig, Ingrid Nerhoel, Hallvard Grimstad, Karen Turid Bjåstad, Barbro Torvik

Tilsette med Møre bispedøme som arbeidsgjevar:

Sokneprest i Hareid	Lars Hartig-Tangedal, 100 %
Sokneprest i Ulstein	Margit Lovise Holte 100 %
Kappellan i Ulstein	Mirjam Håland Igland 100 %
Vikarprestar	Leidulv Ø. Grimstad, Rolf Schanke Eikum, Øystein Bjørdal, Stein B. Karstensen, Hanna Elise Grønmyr

Likestilling, integrasjon og mangfald:

Vi har 6 årsverk med Hareid kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, der eine stillinga er leiar av Hareid Frivilligsentral som Hareid sokn eig og driv. Vi har 1 årsverk med Møre bispedøme som arbeidsgjevar. Tilsaman 7 fast tilsette i fulle stillingar (ingen deltid), 5 kvinner og 2 menn. 1 fast timesinnleigs mannleg vikar (pensjonist). Ein tilsett med innvandrarbakgrunn. Ingen tilsette med nedsatt funksjonsevne.

Frivillige i gudstenester:

Klokkarar	Björg Vartdal Hareide, Ulrike Hartig-Tangedal, Turid Engen, Kjersti Røyset Topphol
Medhjelparar	Marit Øien Sæverud, Hanna E. Langnes Moldskred, Cathrin Duweh, Sissel Anita Riise
Kyrkjevertar	Toril Sæter, Reidun Melhus, Hege Tretnes, Wenche Roppen, Gunmar Grimstad, Stein Karstensen, Marit Nora Pettersen, Ann Helen Grimstad Worren, Anvor Sukka, Bård Grimstad, Kari Janne Ringstad, Unni Apelseth.
Ansvar for lyd- og bilde	Arne Kåre Topphol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Kristoffer Indreeide Grimstad, Elling Bjåstad
Blomar til gudstenestane	Ingunn Mork Grimstad og Hilde Landmark

I tillegg er det svært mange andre som også gjer ein verdifull innsats i og for kyrkjelyden vår. Vi ynskjer å rette ein STOR TAKK til alle desse!

Hareid, mars 2024
Stein B. Karstensen
Soknerådsleiar (2023-2027)

Hareid, mars 2024
Bente Andreassen Pilskog
kyrkjeverje



3.11. Soknerådet sine underutval 2023

Arbeidsutval:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, Marit Øien Sæverud, sokneprest, kyrkjevevje Bente Andreassen Pilskog (sekretær).

Administrasjonsutval:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, 1 representant frå dei tilsette er Heidi Pedersen Kvalsvik, kyrkjevevje Bente Andreassen Pilskog (sekretær).

Forhandlingsutval:

Leiar Ann Helen Grimstad Worren, Bård Grimstad, kyrkjevevje Bente Andreassen Pilskog (sekretær).

Diakoniutval (m/kontakt i Kirkens SOS):

Hanna Elisabet Langnes Moldskred (leiar), Hilde Frøysa Hareide, Kirsten H Valseth, Leidulv Ø. Grimstad, sokneprest Lars HArtig-Tangedal, leiar i frivilligsentralen Heidi Kvalsvik Pedersen. Kontaktperson Kirkens SOS: Marit Øien Sæverud, vara Laila Kristin Bjåstad.

Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kristoffer Indreeide Grimstad (leiar), kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar, Georg Fabian Stordal, Stein Karstensen, Torgeir Ringstad, kyrkjevevje Bente Andreassen Pilskog (sekretær).

Gudstenesteutval:

Kjersti Røyset Topphol (leiar), Turid Engen, Elin Vassbotn Øvrelid, sokneprest Lars Hartig-Tangedal, kyrkjelydspedagog Barbro Landmark, kontor Ida Teige.

Misjonsutval:

Jahn Kjell Fjørtoft (leiar), Jorunn Vatne, Svanhild Giskødegård, Odd Lykstad, Eli Sølvi Jønsson.

Kyrkjemusikalsk utval:

Bård Grimstad (leiar), Ingmar Mork, Ingvill Kirkebø, Wenche Iren Roppen, kontor Ida Teige.

Undervisningsutval:

Marit Øien Sæverud (leiar), Linn Urke, Laila Kristin Bjåstad, kyrkjelydspedagog Barbro Landmark.

Styret for Frivilligsentralen:

Frå Soknet: Sissel Seljebotn og Bjørg Vartdal Hareide, vara er Grete Røyset Bakken og Ragnhild Strømmegjerde. Øyvind Grimstad Gryt, vara Odd Melhus

Frå Brukt og Billig butikken: Elsa Bigset, vara Torunn Haugen

Frå frivillige lag og organisasjonar: Ulstein og Hareid Lions v/Bjarne Sukka, vara Kjartan Kvalsvik.

Verneombod (nytt f.o.m. 2022): Anton Tonev

4. Kyrkjeleg årsstatistikk

Statistikk kan lesast på mange måtar. Synkande tal seier at noko endrar seg. Kanskje har andre møtestader bidrege til å redusere at gudstenesta og kyrkjebakken var ein møtestad som dekkja mange andre behov enn dei reint åndelege.

Men statistikken fangar ikkje tydeleg opp overgangen frå at mange gjekk fast til gudsteneste kvar sundag, til at trusopplæringa sine mange gudstenester og andre samlingar no fører mange fleire gjennom året over dørstokkane til kyrkja enn det som før var vanleg. Kyrkja held på sin posisjon som umisseleg for store lag av folket – om enn på nye måtar.

Færre går jamleg til gudstenestene. Gudstenestane som samlar mest folk er dei med 'born i trusopplæringa' som særskilt inviterte. Born og ungdom er frimodig nattverdsdeltakande og får med seg dei vaksne. Vi ser som ein tendens dei siste tiåra at litt færre går fast kvar sundag, medan det totalt sett er fleire av kyrkjias medlemmar som går oftare til gudsteneste enn før. Dette trur vi har samanheng med born si deltaking i gudstenesta.




MIDT I ALT SOM ER: Vi ønskjer å vere ei folkekyrkje som er til stade for bebuarane i Hareid kommune, både til kvardag og fest, i sorg og i glede. Ved å legge til rette våre ulike aktivitetar og kyrkjelege handlingar midt i alt som er, kan vi tilpasse oss der vi ser at det kan vere nødvendig. Slik må vi følgje med i samfunnsutviklinga for å vere ei truverdig kyrkje. Foto: Hareid sokn.



4.1. Aldersfordeling for innbyggjarane i Hareid kommune

Alder



ALDERSFORDELING: Befolkning Hareid kommune pr 4. kvartal 2023. Kjelde: Statistisk sentralbyrå

4.2. Medlemskap DnK

I takt med at befolkninga får fleire innvandrarar, kryp medlemsprosenten noko ned, utan at det opplevast som nokon stor endring.

Årstal	Innb. i Hareid	Medlem i DnK	Prosent
2015	5189	4049	78
2016	5185	4011	77,4
2017	5150	3979	77,3
2018	5155	3949	76,6
2019	5160	3929	76,1
2020		3865	
2021	5136	3817	74,3
2022	5177	3775	72,9
2023	5322	3748	70,4

4.3. Gudsteneste- og nattverd deltaking

Årstal	Gj.sn. deltakere	Til saman på gudst. (Søn/helligd)	Gudstenester (Søn/helligd)	Nattv-delt. (ant. gt.)
2012	145	9004	62	2582 (34)
2013	155	9455	61	2538 (36)
2014	152	8360	55	2801 (40)
2015	155	8835	57	2882 (37)
2016	-	-	68	2505 (40)
		(Tot. gudst.)	(Tot. gudst.)	
2017	158	10.754	68	2386 (36)
2018	158	9.314	59	2135 (38)
2019	140	9.348	67	2401 (38)
2020	64*	5.798*	90*	1088 (31)*
2021	62*	5.331*	86*	1105 (26)*
2022	105*	7.434*	71*	1583 (35)*
2023	109	7.567	69	1559 (32)

Frå og med 2017 viser tala alle gudstenester (inkl. dei utanom søn. og helligdagar).

*Pandemien kom i mars 2020. (F.o.m. mars 2022 opphøyrt alle pandemi-restriksjonar).

4.4. Dåp

Mange av våre medlemmar døyper borna sine. I tillegg kjem unge foreldre heim att til Hareid og døyper sine, sjølv om dei bur andre stader. Vi har óg døypt fleire eldre born og vaksne i seinare år, samt at vi har nokre frå andre trussamfunn som gjennom dåp vert lagt til. Torsdag kveld 1. juni kl 18.00 hadde vi Drop-in dåp i kyrkja for tredje året på rad, der fleire blei døypt.

Årstal	Tot. døypte	Tilhøyrande DnK*	Prosent
2012	45		
2013	30	41	73,2
2014	51	57	89,5
2015	34	43	79,1
2016	48	39	123,1
2017	57	50	114
2018	37	28	132,1
	<u>Tot. døypte</u>	<u>Heimehøyrande Hareid</u>	
2019	58	30	193,3
2020	45	32	140,6
2021	43	39	110,3
2022	45	36	125,0
2023	41	36	113,8

*Barn av foreldre som er medlem av Den norske kirke, blei rekna som tilhøyrande DnK ved fødsel. Fram



til 1. oktober 2018 blei dette registrert automatisk i kyrkja sine registre på grunnlag av fødselsmeldingar frå Folkeregisteret. Sidan har tilhøyrighet blitt registrert viss foreldra ønskja det.

4.5. Konfirmasjon

Talet på konfirmerte vil naturleg nok regulere seg, då det kan vere stor variasjon i årskulla. Prosenten held seg høg.

Årstal	Konfirmerte	Medlemmar	Prosent
2012	57		
2013	56	56	100
2014	55	57	96,5
2015	50	55	90,9
2016	49	49	100
2017	34	37	91,9
2018	56	58	96,6
2019	52	54	96,3
2020	37	42	88,1
2021	46	47	97,9
2022	38	42	90,5
2023	62	68	91,2

4.6. Ekteskapsinngåing


Årstal	Vigsler
2012	9
2013	11
2014	2
2015	10
2016	11
2017	6
2018	9
2019	5
2020	10
2021	11
2022	9
2023	9



Foto: Den norske kyrkja

4.7. Gravferd

<i>Årstal</i>	<i>Gravferder</i>
2012	35
2013	53
2014	38
2015	33
2016	48
2017	47
2018	41
2019	55
2020	37
2021	53
2022	48
2023	41



GRAVFERD: *Vi tek farvel med den døde.
Vi takkar for livet og overlét den døde til Gud.
Foto: Bo Mathisen*

4.8. Inn- og utmeldingar DnK

Innmeldingar via dåp er ikkje inkludert her,
men kan sjåast under statistikk for dåp.

<i>Årstal</i>	<i>Innmeldingar</i>	<i>Utmeldingar</i>
2012	0	4
2013	0	7
2014	1	18
2015	2	15
2016	2	11
2017	7	8
2018	1	9
2019	5	9
2020	0	7
2021	1	14
2022	2	17
2023	5	12



4.9. Digitale aktivitetar i 2023

Nok eit år skriv seg inn i historia og skil seg tydeleg frå åra før pandemien. Våre digitale aktivitetar har i all hovudsak vore at alle gudstenestane har blitt streama gjennom året til vår Facebook-side og overført til TV-kanalen på Hardartun. Dette var eit vedtak som fellerådet gjorde under pandemien og som vi ønskja å fortsette, sjølv om samfunnet opna opp og ein kunne samlast fysisk til kyrkja.

Statistikken viser følgjande for dei 48 gudstenestane vi har streama:

1-minuttsvisningar eller meir: 3852 (snitt pr. gudsteneste 80 visningar)

Minutt som er vist: 78.787 (snitt pr. gudsteneste 1.641 minutt vist)

Reaksjonar frå sjåarar: 942 (snitt pr. gudsteneste 20)

Også gudstenestane frå andre lokasjonar blei streama; frå fjellet Alskleiva, innandørs frå ishavs-skuta Aarvak, frå leirstaden Holesanden og frå bedehusa i krinsane.

Antal følgjarar på Hareid sokn si Facebook-side auka med 71 personar i 2023, som per 31.12.2023 viser 2431 følgjarar. Vi er også aktiv både på Instagram og på heimesida vår (hareid.kyrkja.no).



ALLE GUDSTENESTANE BLIR STREAMA: Her frå døgnopa kyrkje i høve Møre bispedøme sitt 40-årsjubileum hadde vi ulike tilbod i i kyrkja eit heilt døgn, frå 16.-17. september. Foto: Hareid sokn

5. Gudstenestelivet

Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss kring trua på Gud og Jesu Kristi oppstode - på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som den vi er, og ta i mot av det Gud vil gi oss. Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig, noko som er ei velsigning for kyrkja og heile Hareid. Dette mangfaldet kan vi også sjå gjennom gudtenestene våre, som har ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot born, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.



FOLKEKYRKJA: Frå gudstenesta palmesøndag i Hareid kyrkje 2023. Foto: Hareid sokn

Utvalet har hatt 2 møter i 2023, i tillegg har utvalet hatt digital kontakt mellom møta. Hovudsaka til gudstenesteutvalet er å arbeide med gudstenestene. Det har vore gudstenester i Hareid kyrkje dei fleste søndagane. Gudstenestene i kyrkja har vore streama på facebook, og vi veit at dei har blitt sett og sett pris på av mange. Det har i tillegg blitt gjennomført gudstenester på bedehusa i krinsane, Holesanden, Alskleiva og på Hadartun. Friluftsgudstenesta på Melshornet vart avlyst grunna dårleg ver. Det var planlagt gudsteneste på Polarstar, men denne vart avlyst på grunn av for lite påmelding. Gudstenesteutvalet vil rette ei stor takk til soknepresten og resten av staben, som har lagt ned eit stort arbeid for å få til alt dette. Takk også til alle som har stilt opp frivillig og delteke i gudstenestene.

FASTETIDA

Gudstenesteutvalet har hatt tradisjon for å stå bak samlingar i kyrkja onsdagane i fastetida. Såleis også i år. Fasteprogrammet var slik:

22.02	kl. 20.00.	Oskeonsdagsgudsteneste ved Øystein Bjørdal og Ida Teige. Eileen Hareide Brandal song og ei misjonsforeining tok del.
-------	------------	--



01.03	kl. 19.30.	Salmekveld med tema "Salmar i kvardagen", Ida Teige, Songgruppe.
15.03	kl. 19.30	Temakveld: Vi fylgjer Jesus på veg mot Jerusalem. Lindis Eliassen og Oddvar Haugen las frå Johannesevangeliet Programleiar Kjersti Røyset Topphol Song av Eldrid Gryt, Turid Engen og Grete Røyset Bakken
22.03	kl. 19.30.	Solidaritetsgudsteneste med Lars Hartig-Tangedal, konfirmantar, dramagruppe frå Hareid Ten-Sing og Bente Hjertnæs frå Kirkens Nødhjelp.
06.04	kl. 19.30.	Påskevandring for ungdom og vaksne ved Barbro Landmark. Ida Teige, Sissel Anita Riise og Trude Børjeson Sjørdal tok del med musikk og song.

Takk til alle som har bidrege og teke del på desse samlingane.

I samband med Møre bispedøme si 40 års markering laurdag til søndag 16.-17. september hadde Hareid sokn døgnopa kyrkje. Det var ulike programpostar gjennom dagen og fram til gudstenesta søndag. Gudstenesteutvalet hadde ansvar for kveldsbøna laurdag kveld. Turid Engen og Ingrid Nerhoel sto for dette. Takk til dei.

Andakter og overføring av gudstenester i kyrkja – til institusjon/Hadartun

Soknet hadde 39 andakter på Hadartun kvar onsdag formiddag, både i vinterhagen og på skjerma avdeling. På sommaren var det anna kvar veke. I tillegg hadde vi tre gudstenester inkl. nattverd, i vinterhagen (08.02., skjærtorsdag 06.04. og søndag 10.12.) Vanlegvis v/sokneprest og organist, men nokre gongar treng vi vikarar. Vikar andakt: Turid Engen, Barbro Landmark, Leiv Arne Grimstad. Vikar andakt sommar: Hanna-Elise Grønmyr, Margit L. Holte og Mirjam H. Igland. Vikar nattverdsgudsteneste: Stein B. Karstensen. Vikar musikarar: Karen Turid A Bjåstad, Ståle Helvig og Ingrid Nerhoel. Ein stor takk til desse. Målgruppa er bebuarane, men også dagsenteret tek del og eventuelt andre besøkande på Hadartun.

Årsstatistikk 2023

	2019	2020	2021	2022	2023
Gudstenestebesøk kun søn- og helligdag/snitt	8272/137	4461/67	3970/63	5245/99	5660/106
Gudstenester kun søn- og helligdagar	60	67	63	53	53
Nattverdsdeltakande	2401	1088	1105	1583	1559
Gudstenester med nattverd	38	31	26	35	32
Gudstenester i påska/besøkande i snitt	4/078	2/016	2/016	5/063	4/086
Kyrkjeoffer, beløp totalt	271 339	169408	175 069	209 846	248 218

NB: Pandemien prega tala for 2020, 2021 og jan-mars 2022.

Gudstenesteoversikt 2023: Søn- og helligdagar 53. Utanom søn- og helligdagar 16. Tilsaman 69.



Medlemmer i gudstenesteutvalet:

Kjersti Røyset Topphol (leiar), Turid Engen, Elin Vassbotn Øvrelid, Ida Teige (skrivar og kantor), Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog).

Kjersti Røyset Topphol

-leiar i gudstenesteutvalet-

6. Diakoniarbeidet

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste og evangeliet i handling. Den norske kyrkja sin plan for diakoni (2020) samanfattar dei diakonale utfordringane i fire arbeidsområde:

Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Dette er utgangspunktet for Hareid kyrkje sitt diakoniarbeid og vår lokale diakoniplan. Nokre tiltak i diakoniplanen har Frivilligsentralen eller andre ansvar for å gjennomføre.

Soknepresten, som er med i Diakoniutvalet, er i kommunen sin krisestab. Diakoniutvalet kan vere tilgjengelege i ulike krisesituasjonar i kommunen. Diakoniutvalet har hatt 1 møte samla og i tillegg planlagt via e-post/messenger.

Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta

Diakoniutvalet planla og gjennomførte måltidet etter skjærtorsdagsgudstenesta. Vi serverte bollar, kaffi og saft på langbord framme i kyrkja. Mange deltok, og det var ei triveleg stund i godt fellesskap, før felles avslutning med avdekking av alteret og songen «fem raude roser».

Internasjonal middag i samband med hausttakkefest

Vi valde å ikkje arrangere internasjonal middag i 2023. I 2022 fekk soknet midlar frå Møre bispedøme, som ledd i inkludering av flyktningar frå Ukraina. Middagen var då gratis og ein stor suksess. Det var mykje arbeid og planlegging for å få det til. I 2023 søkte vi ikkje midlar. I 2021 var det betaling for middagen, og vi såg ein nedgang i besøkande frå tidlegare år. Vi tilrår komande utval å søke vekstmidlar frå bispedømet i god tid neste år.

Møre bispedøme 40 år

Hareid sokn arrangerte «Døgnopen kyrkje» 16-17. september, som markering av at Møre bispedøme var 40 år. Diakoniutvalet sitt bidrag var Quiz om kyrkja/kyrkjegarden og servering av vafles, saft og kaffi ved hovudinngangen til kyrkja. Quizark med spørsmål låg i våpenhuset, og dei som ville delta tok med arket rundt i kyrkja og på kyrkjegarden for å finne svar. Quiz var tilgjengeleg fram til gudstenesta søndag. Ein heldig vinnar fekk premie under gudstenesta. Dei fleste som deltok på vaffelserving og quiz var barnefamiliar som var på samling i trusopplæringa laurdag.

Minnegudsteneste 4. november

Gudstenesta var open for alle, men pårørende til dei som har gått bort siste året vart spesielt inviterte. Diakoniutvalet pynta med lys og var kyrkjevertar. Det var bra oppmøte. Mange



tende lys etter gudstenesta. Diakoniutvalet hadde laga enkel kyrkjekaffi med kaffi og kaker bak i kyrkja, men det var få som vart igjen etter gudstenesta.

Frivilligsentralen og dagleg leiar er sentral i det diakonale arbeidet i soknet. Meir om diakoniarbeidet er å lese i Frivilligsentralen si årsmelding.



ALLEHELGEN: Godt oppmøte på minnegudstenesta og mange som tenner lys på grava til sine kjære allehelgenshelga. Foto: Hareid sokn

Kirkens SOS

Spesielt tida etter pandemien har stadfesta at dette er ei teneste det er stort behov for og som vi ynskjer å støtte vidare. Vi har tatt inn i revidert diakoniplan at Kirkens SOS skal få eit gudstenesteoffer årleg, og at det blir informert om tenesta i denne gudstenesta.

Medlemmer i diakoniutvalet:

Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Heidi Pedersen Kvalsvik (dagleg leiar Hareid Frivilligsentral), Kirsten Holstad Valseth, Hilde Frøysa Hareide, Leidulv Grimstad og Hanna E. Langnes Moldskred (leiar).

*Hanna Elisabeth Langnes Moldskred
-leiar i diakoniutvalet-*

7. Kyrkja og kyrkjegarden

Kyrkja er ein stad vi møtast, feirar, sørger og berørast. Kyrkja i Hareid er ei folkekyrkje der alle er velkomne, og som bidreg til å gjere lokalsamfunnet til ein god stad å leve for menneskjer i alle livsfasar. Det er viktig å ta vare på kyrkja og gjere nødvendig vedlikehald og tilpasningar som tener dagens aktivitetar i kyrkja. Hareid kyrkje er ei verneverdig (listeført) kyrkje frå 1877 i nygotisk stilart og vart vigsla 13. desember 1877. Kyrkja har snart 150-årsjubileum - i 2027.

I kyrkja samlast folk til ulike arrangement gjennom heile året. Kyrkja er også det rommet der dei fleste vil ta avskjed med dei døde. Kyrkja rommar høgtid og fest når par skal gifte seg. På kyrkjelydshus og kapeller samlast folk til møter og ulike typer frivillig aktivitet. Tusenvis av barn samlast i kyrkjer og kyrkjelydshus kvar veke til undervisning, kor og andre fritidstilbod.

7.1. Kyrkja

Dei siste åra har det vore gjort mykje renovering og byggeaktivitet i og rundt kyrkja, eit særskilt viktig arbeid for å i vareta eit verneverdig og kulturhistorisk bygg. Det har for det meste vore utført berre mindre vedlikehaldsoppgåver i kyrkja i 2023.



HAREID KYRKJE: Folkekyrkja vår er i bruk heile året. Foto: Hareid sokn



Teknisk anlegg

I samband med konfirmantane si framsyning av konfirmantmusikal, blei det kjøpt inn styrbare lyskastarar til kyrkjerommet. Dette viste seg å ta framsyninga til eit høgare nivå. I ettertid har dette vore eit godt hjelpemiddel for å lyssette kyrkjeromet på ein stemningsfull måte under ulike arrangement, som til dømes konsertar.

Luftfuktingsanlegget

Orgelet, altertavla og anna interiør i kyrkja krev luftfuktigheit mellom 40-60 % for å ikkje ta skade. Spesielt altertavla har eit skadeomfang tilbake i tid som tilseier at tiltak måtte iverksettast. I høve renoveringsprosjektet i kyrkja blei det difor på hausten 2023 montert luftfuktingsanlegg, levert av GK Inneklima. Arbeidet med å automatisere luftfuktingsanlegget er venta ferdigstilt våren 2024, v/Hareid Group Elektro som er i gang med å samkøyre dette med Jeff System sitt varme-styringssystem.

Nytt elektrisk piano

Behovet for meir variasjon i lydbildet for piano i kyrkja, gjorde at det på tampen av året blei investert i eit enkelt elektrisk piano (kr 16.000). Kantor og sokneprest blei einige om kva type piano som blei kjøpt. Spesielt i høve musikkframføring med solistar og konsertar, har behovet vore der. Det gamle pianoet har ein meir hard klang. Det er mykje aktivitet og ulike arrangement i kyrkja gjennom heile året, og behovet har over fleire år tvinga seg fram.

7.2. Kyrkjegarden

Gravplassen er ilag med kyrkjebygget ein sentral del av vår kulturarv og inngår i kulturlandskapet vårt. Gravplassane er viktige stader for ritualer, rekreasjon og stillheit. Den er også park, grøn lunge for ro og ettertanke.

Vårdugnad

Årets vårdugnad vart litt annleis enn tidlegare år då den vart lagt til ein onsdag (3. mai kl 1700) og ikkje ein laurdag som normalt. Dette var gjort grunna kollisjon med andre arrangement, og mangel på frivillige. Vi var effektive og fekk gjort mykje godt arbeid på kort tid. Det vart raka lauv, fjerna ugras, klipt greiner, busker og hekk, klipte busker som vaks oppå taket prestestova, og det var lagt på meir bark på forskjellige plassar. Totalt var vi om lag 25 frivillige som gjorde ein god innsats denne dagen, der vi og hadde ei god felles matykt ilag. Etter ein lang vinter kjem dette godt med, og lettar arbeidet med vårstell av kyrkjegarden for kyrkjegardsarbeidaren.

I forkant av vårdugnaden bygde og monterte Ulstein og Hareid Lions Club to nye tavler for hageverktøyt på kyrkjegarden. Rise Bygg AS og Hareid Rør og interiør AS sponsa materiell og maling. Vi takkar alle partar for flott tiltak, slik at ein enklare kan låne hageverktøyt ved stell av graver. Flott initiativ og samspel!

Barnegravfeltet

Seint i juli kom arbeidet med å utbetre barnegravfeltet i gang. Kyrkjegardsarbeidar Anton Tonev og soknerådsmedlem Stein B. Karstensen gjorde ein god jobb med å klargjere feltet med oppmåling av gravstøtter og tilkøyring av mold. Fyrste veka i august vart det klart til å



planere ut all jordmassa som var tilkøyrt og utplassering av gravstøtter. Det vart lagt ned dreneringsrør og dreneringsmasse før topplaget med jord vart lagt på. Med dei nøyaktige måla på kvar enkel gravstøtte vart desse plassert ut og stelt til. Til slutt vart det sådd nytt gras og grusvegen fekk seg eit løft med ny grus. Sluttresultatet fekk vi sjå litt seinare på hausten, og vi kan trygt seie at prosjektet var vellukka.



UTBETRING AV BARNEGRAVFELTET: I lengre tid har barnegravfeltet hatt dårlege forhold, men i sommar blei det utbetra og framstår no i langt betre stand. Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet sørga for å fikse området, og gjorde ein flott innsats. Frå venste: Kristoffer I. Grimstad (leiar i utvalet), Stein B. Karstensen og kyrkjegardsarbeidar Anton Tonev. Foto: Hareid sokn

Maskinpark

Før årsslutt 2023 blei det investert i ny traktor-grasklippar (kr 78.400), då den gamle ikkje vil holde ein sesong til. Den er blitt reparert og sveisa på i to sesongar. Ny klippar blir levert våren 2024, slik at den er klar innan ny sesong startar. Den gamle blir levert inn til til leverandør av ny klippar, og gir noko redusert pris.

Då det har vore ein merkbar auke i kremasjon er det kjøpt inn teletinar for urnegrav (kr 10.000), då vår teletinar for kistegrav tiner eit langt større område enn nødvendig for urnegrav. Bruk at den nye teletinaren vil lette arbeidet for kyrkjegardsarbeidaren.

Gravemaskina vår er av eldre modell (1989) og moden for å byttast ut for å sikre drifta i høve gravferder. Dette ligger inne som behov i 4-årig økonomiplan.

Medlemmer i kyrkje og kyrkjegardsutvalet:

Georg Fabian Stordal, Kristoffer Indreeide Grimstad (leiar), Stein Karstensen, Torgeir Ringstad, Anton Tonev (kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar), Bente Andreassen Pilskog (kyrkjeverje).

Kristoffer Indreeide Grimstad

-leiar i kyrkje- og kyrkjegardsutvalet-



8. Misjon & misjonsprosjektet

Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod. Sitatet er henta frå kyrkjelyden sitt visjonsdokument for 2016-2019.

Misjonsutvalet vil gjennom sitt arbeid, hjelpe kyrkjelyden med å nå dette målet. Hareid kyrkjelyd har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Misjonsutvalet arbeider med å gje informasjon til kyrkjelyden om misjon generelt og om misjonsprosjektet spesielt. Dette også ved å samle inn pengar til misjonsprosjektet. For tida er det avtalte beløp på kr 40.000 i året. Midlane blir innsamla gjennom ulike arrangement, misjonsgudstenester, middag og misjon, trusopplæringa for born og unge bidreg på ulikt vis til inntekt for misjonsprosjektet.

Misjonsgudsteneste på Holesanden

I godt sumarver, vart det søndag 4. juni, arrangert misjonsdag med gudsteneste på Holesanden. Song av Musikklaget under gudstenesta og til postludium. Informasjon av misjonsprosjektet vart framført av Lars Tangedal. Om lag 70 personar møtte. Sal av lodd og mat samt offer gav totalt kr. 17.320, noko som er litt lågare enn i fjor.

Middag og Misjon

Søndag 19. november vart det arrangert Middag og Misjon på kyrkjelydshuset, med sal av brennsnut og kaker, samt åresal. Over 100 personar møtte. Det var som vanleg gratis middag til 10- åringane. Totalt kom det inn kr 33.133. Medrekna i denne summen er også konfirmantane sitt misjonsløp i sentrum laurdag 18. november med kr 9.420, samt gåve frå barnekantoret på kr 5.000.

Andre bidrag: I tillegg har vi gudstenesteoffer i kyrkja, 30. april med kr 5.894 og 29. oktober med kr 4.572. **Dette gjer at total sum innsamla av Misjonsutvalet til misjonsprosjektet i Thailand i 2023 vart på kr 60.919 som er sendt vidare til NMS.**

Faste gjevarar til misjonsprosjektet, er ikkje rekna med i denne summen. Misjonsutvalet ynskjer å rette ein stor takk til alle som har bidrege med støtte til prosjektet i Thailand. Både faste gjevarar og til alle dei som har tatt lodd eller gitt andre pengegåver. Ei stor takk også til alle frivillige som hjelper oss å få arrangementa i stand.

DETTE BIDREG VI TIL GJENNOM MISJONSPROSJEKTET VÅRT:

- Immanuelkirkens daghjem, Bangkok
- Bydelsseteret Lovsangshjemmet, Bangkok
- Omsorg, mat, opplæring og utdanning for barn fra slummen i Bangkok
- Immanuelhjemmet i Phibun, nordøst i landet
- Stipendordninger

To daghjem: Immanuelkirken i Bangkok driver to daghjem, Immanuelkirkens daghjem som holder til i kirkens egne lokaler og bydelsseteret Lovsangshjemmet som ligger under en motorveibro like ved slumområdet. Her får barn fra slumområdet Klong Toey både omsorg, mat og opplæring. Det kreves betaling, men beløpet reguleres i forhold til foreldrenes



inntekt. Flere barn får dermed nesten friplass.

Internat og undervisning: Immanuelhjemmet i Phibun i Nordøst-Thailand har et internat der barna kan bo mens de går på skolen, til de er ferdig med videregående. Det gis også ekstra undervisning dersom det er behov for det. I tillegg støttes mindre jordbruksprosjekter på de forskjellige skolene, som også lærer elevene å produsere matvarer.



FRÅ BANGKOK: Soknet samarbeidar med NMS om gode tiltak i Thailand. Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod. Foto: Bente Liavåg

Stipender: prosjektet omfatter en stipendordning for elever fra 7. klasse til videregående i Bangkok og Nordøst-Thailand. Ordningen gjør det mulig å fortsette på skole etter obligatorisk skolegang. Slik får barn fra fattige familier mulighet til å utdanne seg og få en bedre framtid.

Medlemmer:

Jahn Kjell Fjørtoft (leiar), Jorunn Vatne, Svanhild Giskeødegård, Odd Lykstad, Eli Sølvi Jønsson (kyrkjelydssekretær)

*Jahn Kjell Fjørtoft
-leiar i misjonsutvalet-*



9. Kyrkjemusikalsk arbeid

Kultur med kunst og musikk har til alle tider gitt form til kyrkja sitt budskap og gjerne formidla det som ord ikkje har makta å forklare eller uttrykke. Kyrkjemusikalsk utval arbeider mellom anna med korarbeid i kyrkjelyden, samt planlegging og praktiske oppgåver i høve konsertar. Dette viktige kulturarbeidet i Hareid, tilfører stunder i kyrkja som inneheld musikalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. I tillegg er det også utleige av kyrkja til konsertar, som godkjennast av soknet.

Utvalet har hatt 5 møter i 2023. Ved kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalet teke del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgåver, og delteke på øvingar i forkant av arrangement.

Salmekveldar

Det var planlagt 4 salmekveldar i løpet av året, og i år har vi fått gjennomført desse som planlagt. Vi har fått med eksterne aktørar, og ulike temar for salmekveldane.

Syng- og spel jula inn

I år hadde vi igjen 2 konsertar med «Syng og spel jula inn». I år var vi oppfordra av Kristian Fuglseth til å ha fokus på krigen i Ukraina, #SlavaUkraina, i valg av tema og musikk. Kristian heldt appell på begge konsertane, og kollekten gjekk til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid mellom folk som er ramma av krig. Det var god plass på begge konsertane, og den siste konserten var og streama på Facebook.



KONSERT MED HIMMELSKE PERLER: Frå venste Ida Teige (kantor), Ingvill Kirkebø, Wenche Iren Roppen, Bård Grimstad (alle frå kyrkjemusikalsk utval). Medverkande på konserten: Sofie Tonev, Anna J Jønsson Havåg og Leidulv Ø. Grimstad. Foto: Hareid sokn

Kor, korps og solistar i gudstenesta

Kyrkjemusikalsk utval er svært takksam for alle dei som bidrog i gudstjenestene med sang og musikk gjennom heile året. Forsongargruppa har også vore svært aktiv dette året. Ida set opp halvårsplanar for kva tid den enkelte skal ta del. Deltaking frå korps og kor gir det vesle ekstra til gudstjenestene som alle set stor pris på.

Arrangement i regi av utvalet

01.03.	Salmar i kvardagen	Medvirkende: Ingmar Mork, Vibeke Holstad, Hege Holstad, Wenche Roppen, Ida Teige.
04.06.	Gospel med meir	Medvirkende: Brandalskoret, Leiv Arne Grimstad
19.09.	Kveldstonar	Medverkande: Daniel Eide Moltumyr, Barnekantoret, Melshorn. Denne kvelden var i høve Møre Bispedømme sitt 40 års jubileum, med døgnopa kyrkje.
08.11.	Himmelske perler	Medverkande: Sofie Gjerde Tonev, Anna J Jønsson Havåg og Leidulv Ø Grimstad
25.11.	Konsert med New Voices. Xmas 2023.	Kyrkjemusikalsk utval
11.12.	Syng og speler jula inn	Lokale songarar og musikarar. 2 konsertar



BRANDALSKORET: «Gospel med meir» var tittel på arrangementet der Brandalskoret tok del i Hareid kyrkje ein junikveld i 2023. Foto: Hareid sokn

Kyrkjemusikalsk utval held fram med å jobbe for stunder i kyrkja som inneheld musikalitet av god kvalitet og eit breidt mangfald. Kommunen er velsigna med talentfulle innbyggjarar som vi i utvalet med glede nyttar i våre gudtjenester og andre arrangement. Kantor Ida Teige legg til rette, og syr i hop arrangementa til det beste for alle. I år har vi og invitert eksterne



artistar til å ha konsertar i kyrkja vår, New Voices, og det gav meirsmak. Full kyrkje og god stemning. Kyrkja er eit populært lokale å ha konsert i, og vi håper på god aktivitet i 2024, og vi ser fram til nye musikalske opplevingar.

Min favoritt konsert 21.12. kl 21

Denne konserten er det ikkje kyrkjemusikals utval som arrangerer, men staben i samarbeid med frivillige. Kantor er musikalsk leiar/kapellmeister, og i årsmeldinga tek vi difor dette med under fana til kyrkjemusikalsk arbeid. Konserten har blitt gjennomført sidan 2018 og kan difor kallast ein tradisjon, der frivillige solistar/musikarar og band bidreg der inntekta går til kyrkjelydshuset. Hittil har ingen solist vore på scena 2 gongar, og nye inviterast med kvart år. Her er songglede, allsidigheit og breidde ein nøkkel for ei nær og ærleg framsyning til glede for tilhøyrarane. Denne gong deltok også kyrkja sitt prosjektkor. Kyrkjelydspedagog er programleiar i eit tett samarbeid med kapellmeister, og soknepresten på det lydtekniske. På denne eine konserten vart det solgt om lag 154 billetter, som gir eit fint økonomisk bidrag til kyrkjelydshuset. Takk til solistar og band som er villige til å bruke mange timar på øvingar i forkant og på sjølve dagen for konserten.



MIN FAVORITT: Dette er blitt ein flott tradisjon, der lokale aktørar får framføre sin julefavoritt til glede for fullsatt kyrkje. Ein populær konsert i førjulstida den 21.12. klokka 21. Foto: Hareid sokn

Medlemmar i kyrkjemusikalsk utval: Ingmar Mork, Ingvill Kirkebø, Bård Grimstad (leiar), Wenche Iren Roppen og Ida Teige (kantor).

Då utvalet blei førespurt om kven som kunne tenkje seg å vere med vidare i ein ny 4-årsperiode (2023-2027), valte alle å fortsette. Dette vitnar om eit godt å givande frivillig arbeid for kyrkja og bygda vår.

Bård Grimstad

-leiar kyrkjemusikalsk utval-

9.1. Hareid Barnekantori

Hareid Barnekantori er eit barnekor knytta til Hareid kyrkje, alder frå 3.-7. klasse. Koret har øving i Hareid kyrkje, kvar onsdag ettermiddag.



RUNDT ALTERRINGEN: Barnekantoret avsluttar alltid øvinga med samling rundt alterringen. Foto: Hareid sokn

Styret for koret 2023:

Styreleiar:	Julija Sande
Styremedlem:	Trude Børjesson Sjørdal
Sekretær:	Ann-Kristin Snipsøy
Kasserar:	Sissel Anita Riise
Dirigent:	Ida Teige og Sissel Anita Riise

Dette har koret vore med på, i tillegg til dei vanlege øvingane på onsdagar:

- 12.02. Song på gudsteneste i kyrkja
- 15.02. Årsmøte for føresette
- 05.03. Song på gudsteneste på Hjørungavåg bedehus
- 11.03. Song på kulturdag på kyrkjelydshuset
- 01.04. Ekstraøving i kyrkja
- 02.04. Deltok på palmesøndagsgudsteneste i kyrkja
- 19.04. Hadartun-konsert



- 15.-16.09. Overnattingstur Bondalseidet
- 16.09. Kveldskonsert i kyrkja - Møre bispedømme 40 år
- 01.10. Song på gudsteneste på Bigset bedehus
- 22.10. Song på eldrefest på kyrkjelydshuset
- 08.11. Konsert på Hadartun
- 19.11. Song i kyrkja på barnas misjonsdag og på misjon på kyrkjelydshuset etterpå
- 30.11. Ekstraøving før julenatt i stallen
- 01.12. Julenatt i stallen
- 13.12. Song på Lucia-feiring på kyrkjegarden
- 17.12. Song på julekonsert i kyrkja
- 24.12. Song på gudsteneste i kyrkja
- 30.12. Song på familie-julefest på kyrkjelydshuset

14 betalende medlemmer i vårsemesteret
 18 betalende medlemmer i haustsemesteret
 Medlemskontingenten er kr. 300 pr. medlem i 2023.

Styret har hatt eitt fysisk styremøte i kyrkja i 2023, og i tillegg fleire digitale. Facebook og Messenger er i tillegg aktivt i bruk.



BARNEKANTORIET er særst aktive og godt drevet av Sissel Anita Riise og Ida Teige. Her syng dei på eldrefesten på kyrkjelydshuset hausten 2023. Foto: Hareid sokn

for styret i Hareid barnekantori
 Ann-Kristin Snipsøy

10. Undervisning og trusopplæring

Undervisningsutvalet i soknet arbeider med tilrettelegging av undervisning for born og vaksne i soknet. Hovudsakleg er arbeidet konsentrert om trusopplæringstilbodet som vi har ein ferdig utbygd plan for, med tilbod til alle døypte mellom 0-18 år. Dette arbeidet har i mange år hatt stor oppslutning. Vi ser svingingar år om anna, og det er vel naturlege ting som vi må forholde oss til. Utfordringa er å følgje med i det som skjer elles i kommunen og spele på lag med ulike aktivitetar for å unngå kollisjonar. Vi justerer også tiltaka heile tida for å treffe dei ulike årskulla på best mulig måte.

22 tiltak på planen

For aldersgruppa 0-18 år har vi 22 ulike tidsavgrensa tiltak på planen. I tillegg til dette kjem det kontinuerlege arbeidet som babysong og småbarnssong. Målet for arbeidet er å tilby noko for breidda, altso alle, enten dei er døypte eller ikkje. Men vi har høve til å invitere personleg berre dei som er medlemar/døypte inn i vår kyrkje. Dersom dåpstala fortset å gå nedover vil dette krevje endra fokus også for vårt arbeid. Dersom vi ser på oppslutninga av gjennomførte tiltak i 2022 så er talet framleis høgt. I snitt 53% på 21 gjennomførte tiltak. (akkurat same som 2022) Tiltaket for 13 år vart avlyst grunna for få påmelt. Vi kom i konflikt med turnstemne og dette kullet har mange turnarar.

Tala for 2023 når det gjeld trusopplæring, viser at 7 av 21 tiltak hadde høgare enn 60% oppslutning. 13 av 21 tiltak har over 50% oppslutning og berre 3 av dei gjennomførte tiltaka har under 30% oppslutning. I tillegg til alt dette kjem arbeidet knytt til undervisning gjennom samarbeidet med barnehage og skule. Alle trinna i skulen er innom kyrkja ein eller to gongar i løpet av skuleåret og får undervisning om eit tema knytt til sin læreplan, høgtid ol. Samarbeidet er ganske omfattande og vil tilsvare ca. 20% stilling om vi reknar timane om til undervisningstid for ein lærar.

Undervisningsutvalet sine arrangement

For femte gong gjennomførte vi samling knytt til Luciadagen. Det vart ei flott samling ute på kyrkjegarden med bålpanne, faklar, Lussekattar/gløgg og Luciatog. Luciatoget vart leia av barnekantoret med deira dirigent. Soknepresten leia samlinga og knytte nokre tankar kring Lucia. Dette vart ei fin opptakt til kulturskulen sin konsert inne i kyrkja etterpå.

Familiejulefest vart gjennomført på kyrkjelydshuset 30. desember med nesten 90 frammøtte. Barnekantoret, song nydeleg til forsamlinga, sjølv om dei var berre halve koret. Andrea Øien Sæverud fortalte ei nydeleg historie og Kristin Leirbekk Husøy song. Etterpå var det enkel servering og gang kring treet.

Medlemmar i undervisningsutvalet: Marit Øien Sæverud (leiar), Laila Bjåstad, Linn Urke og Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog).

Marit Øien Sæverud
-leiar i undervisningsutvalet -






Saman på vegen Med rett til å verte sett og verdsett



HØG AKTIVITET: For aldersgruppa 0-18 år har vi 22 ulike tidsavgrensa tiltak på planen. I tillegg til dette kjem det kontinuerlege arbeidet som babysong og småbarnssong. Foto: Hareid sokn



Alder	Tiltak	Deltagere prosent
2023		
0	Dåpssamtale-Saman på veggen	92
1	Den fyrste song	40
2	Eg faldar mine hender små	37
3	Kjære Gud, eg har det godt	50
4	Heime i kyrkja	70
5	5 åringen i verda	68
6	Eg høyrer Jesus til.	56
7	Kong David og vi	64
8	Guds gåver - vår glede og vårt ansvar.	44
8	Tårnagent	58
9	Perler i kransen - leirliv er topp!	37
10	Gud kjem til oss i Bibelens forteljningar - 10 år vår	66
10	Misjon - Guds gåver, omsorg og nærvær for alle	57
11	I Guds omsorg og plan	59
11	Kode B - born av Guds regnboge	51
12	Leir på Kjeldsund	49
13	Gled dykk, alltid!	0
15	Eg, Guds medarbeidar -Konfirmantundervisning	90
15	Konfirmert- kva so??	20
16	Når eg så skal ut i verda, 16 år- kva no?	18
17	På eiga hand - men aldri åleine.	22
18	Min draum-mitt liv. 18 år	62
	Totalsum	53



11. Hareid frivilligsentral

Mål/intensjon med Frivilligsentralen

Sentralen skal bidra til å skape møteplasser og være en samhandlingsarena for frivillighet i lokalmiljøet. Vi skal samordne den frivillige innsatsen som både privatpersoner og frivillige organisasjoner i Hareid utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet. I tillegg skal sentralen være et kontaktsenter for alle som ønsker å delta i frivillig virksomhet, uansett alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk tilhørighet. Sentralen arbeider for å være åpen og inkluderende.



Det er viktig for oss å legge til rette for at de som tar eget initiativ til en frivillig aktivitet, skal få drive med det. Frivillighet må være preget av lyst – og på de frivilliges premisser.

For sentralen er det viktig å kunne samarbeide med ulike lag/organisasjoner, skole, institusjoner etc. Dette for å kunne bidra til best mulig aktivitet og legge til rette for ulike møteplasser. Med dette kan vi forebygge ensomhet og sykdom.

Lokalene til Frivilligsentralen er åpen og tilgjengelig for gratis utlån til frivillige lag og organisasjoner- og er flittig brukt. Det er mye god og variert aktivitet på sentralen. I tillegg til faste aktiviteter har daglig leder på Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at det er mulig å tallfeste dette.

Faste aktiviteter har vært gjennomført som vanlig- selv om det i år er noen endringer: Seniornett er nå avsluttet, pga manglende interesse hos brukere. Vi har som nytt i år hatt frivillige som har hjulpet til på dagsenteret for hjemmeboende, og en frivillig som har begynt å holde blomsterbeddene i orden utenfor bruktbutikken og Kyrkjelydshuset. Det har også vært en del mer arbeid med matkasseprosjektet vårt. Både med å få inn midler til å dekke kostnaden og gjennomføringen av prosjektet. Flere frivillige, har også bidratt, både med forberedelser, julegavelaging, praktisk hjelp og gjennomføring.

Det er nå kommunen som er ansvarlig for å søke KUD om midler til drift av sentralen og å rapportere om driften. Daglig leder sender hvert år en fyldig årsmelding til kommunen, som brukes til rapporten Midlene fra KUD skal overføres direkte og i sin helhet til de som eier og driver en Frivilligsentral- her Hareid Sokn.

Antall aktive frivillige som er knyttet til sentralen sine faste aktiviteter ligger nå på i overkant av 90 personer. Da er ikke natteravnene og alle som var frivillige i forbindelse med matkasseprosjektet vårt til jul, regnet med.



FRIVILLIGE ER LIMET I LOKALSAMFUNNET: Oppe frå venstre: 1) Seniornett v/Heidi P. Kvalsvik, Oddvar Haugen, Odd Goksøyr og Torunn Haugen. 2) Vaffelsteiking til Karakveld. 3) Den kulturelle spaserstokk & Hareid Frivilligsentral inviterte Kjell Elvis med konsert på Hadartun. Polulært! Foto: Hareid sokn



11.1. Oppgaver

- Organisere og legge til rette for frivillig arbeid.
- Sette opp/ følge opp turnus for de frivillige som arbeider til faste tider.
- Organisere og drifte Bruktbutikken.
- Arrangere Hobbyklubb på sentralen to ganger i uken, dag og kveld (åpen for alle)
- Holde medarbeidermøter for de frivillige på Brukt og Billigbutikken.
- Organisere Natteravnene Hareid. Rapportere til TRYG Forsikring.
- Oppdragsgiver for Friomsorgen- kriminalomsorgen i Ålesund
- Oppdragsgiver for NAV
- Legge til rette og gjennomføre arrangement for «Den kulturelle spaserstokk» Kommunen søker på midlene og sentralen arrangerer konserter etc.
- Daglig leder i sentralen er fast medlem av Diakoniutvalget i Hareid Sokn. Delta på arrangement som Diakoniutvalget står for.
- Tett samarbeid med Hareid Kommune/ kultur, Biblioteket, Ressurssenteret.
- Administrator for Facebook- sidene: Hareid Frivilligsentral, Brukt og Billig butikken og Handel i Hareid.
- Medlem i nettverk for Søre Sunnmøre Frivilligsentraler. 3 møter i 2023.
- Arrangere frivilligmøte annen hvert år.
- Delta på aktuelle kurs.
- Samarbeid med kommunen, Sjukeheimen, Dagsenteret, Rus og psykiatri, folkehelsekoordinator og pårørende grupper.
- Samarbeid med ulike lag og organisasjoner, som Sanitetsforening, Pensjonistlaget, Hareid Idrettslag, Lions, HLF, Eldrerådet, Autismeforeningen i Hareid , Revmatikerlaget , Fibromalgi forbundet og Søre Sunnmøre tamilske kulturforening, med flere.

11.2. Aktiviteter

Aktivitetene er bygd opp etter flere års erfaring og endrer seg etter hva og hvordan de frivillige ønsker å bidra. Her kan nevnes: Hobbyklubb 2 ganger i uka, karakvelder, kaffe og bålkos på Rotarystien, besøkstjeneste på Hadartun, besøksvenner på skjerma avdeling, frivillige som hjelper til på dagsenteret, salg av varer på Hadartun, drift av Brukt & Billig-butikken, natteravn, åremålsbesøk, lusing av blomsterbed i Kjøpmannsgata, hørselshjelp, dialog med FAU v/ungdomsskolen, seniornett, utdeling av matkaser og julegaver til jul, årlig utdeling av frivilligpris, konserter/forestillinger på Hadartun omsorgssenter, lørdagskafé med Ulstein og Hareid Lions, og gratis utlån av møtelokale til frivillige lag og organisasjoner. Lokala er i jevn bruk, og her er mye god aktivitet og gode møteplasser med ulikt innhold. I tillegg til faste aktiviteter er Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som vert gitt, uten at det er mulig å talfeste dette.



Alle frivillige gjør et arbeid for fellesskapen som det står stor respekt av, og vi er svært takknemlige for innsatsen som de frivillige bidrar med for å skape et godt lokalsamfunn. Vi er også takknemlige for et fellesskap preget av likeverd, deltakelse og respekt for mangfold!



FRIVILLIGE: På aktivitetsrommet til Frivilligsentralen på Kyrkjelydshuset er det mykje som skjer. Her er Hobbyklubben og nokre av dei frivillige som bidreg til trivelege samankomstar. Foto: Hareid sokn

Eier av Frivilligsentralen: Hareid Sokn

Heidi Pedersen Kvalsvik er tilsatt som daglig leder i 100% stilling.

Styret for 2023 har vært sammensatt slik:

Fra Soknet:

Sissel Seljebotn. Vara: Grete Røyset Bakken .

Björg Vartdal Hareide. Vara: Ragnhild Strømmegjerde

Øyvind Grimstad Gryt. Vara: Bjarte Sunde

Fra Brukt og Billig butikken:

Liv Berit Sæter Flø. Vara: Torunn Haugen.

Fra frivillige lag og organisasjoner, i år representert av Ulstein og Hareid Lions:

Kjartan Kvalsvik. Vara: Bjarne Sukka

Sissel Seljebotn har vært styreleder. Daglig leder har vært sekretær for styret. Det har vært 3 styremøter, og det har blitt behandlet 8 saker.

Vi arrangerer Frivilligfest annen hvert år, dette året uten.

Heidi Pedersen Kvalsvik

-leiar Hareid Frivilligsentral-



12. Kyrkjelydshuset

Vi hadde knapt tatt over huset då pandemien satte ein stoppar i mars 2020, så det har vore utfordringar å ta tak i. I løpet av 2022 kom vi meir og meir tilbake til normalen og huset har sidan då vore aktivt i bruk. Både faste leigetakarar som kor, møteverksemd, speiarane og Ten Sing, og ikkje minst eige intern bruk og utleige til andre som selskap, minnesamver, konsertar, korkafeear, møter, med meir. Alt i alt gir huset gode mulegheiter til å skape møteplassar, der også Frivilligsentralen har sitt aktivitetsrom på huset som er i bruk gjennom heile veka.

Kyrkjelydshuset med kyrkjekontor ligg nær kyrkja og sentralt i enden av miljøgata, alt i alt ei god plassering til det aktive, omfattande og førebyggjande arbeid som soknet gjer i lokalsamfunnet. Med eit kyrkjelydshus som eit fleirbrukshus, er vi med å skaper treffpunkt og møteplassar opne for alle – noko som bidreg til å skape eit meir levande sentrum. Ein stor del av arbeidet til soknet har base på kyrkjelydshuset, ofte i kombinasjon med kyrkja. Med kyrkjelydshuset kan vi samle fleire aktivitetar under same tak, og vi har allereie utvida og invitert til nye. Det er ei sann glede å ha både kyrkjekontor og kyrkjelydshus under same tak.



ELDREFEST UNDER HAREIDSSTEMNA 2023: Vi kan skape nye tiltak når vi har eit brukshus der vi kan skape møteplassar, eldrefest var eit nytt tiltak i 2023. Sparebanken Møre er ein viktig støttespelar ilag med frivillige faste gjevarar til kyrkjelydshuset, utan desse ville vi ikkje kunne utvikla huset på den måten vi har gjort. Foto: Hareid sokn

Nødvendig oppgradering av huset – for å stette dagens krav

For at eit eldre bygg skal stette dagens krav som eit offentleg forsamlingshus, har det vore heilt nødvendig med ein del oppgradering som mellom anna brannsikring, isolering, ny løysing for oppvarming og modernisert storkjøkken. Oppgraderinga har vore avgjerande - ikkje minst for at huset skulle bli anvendeleg til ulike bruksformål, både for eige bruk og for utleige av huset – som er ein føresetnad for å få inntekter til å drifte huset.

12.1. Nokre av tiltaka og utleige på huset

Det er ei sann glede å både sjå å oppleve alt som skjer på kyrkjelydshuset, alle dei ulike aktivitetane og treffpunkta som skapast av folk - og for folk i vårt lokalsamfunn. Kyrkjelydshuset er ein møteplass og eit brukshus ope for alle!

Torsdagstreff – ein ny møteplass på kyrkjelydshuset

Har du besøkt på Sjømannskyrkja utanlands, veit du at der er det vaflar. No har kyrkja flytta inn på kyrkjelydshuset. Frå hausten 2023 inviterte vi til ein ny møteplass annakvar torsdag kl 11.30 – 13.00. Ein uformell og sosial møteplass med open kafe, ei kort andakt kl 12 og fellessong til piano eller gitar. Borda er pynta med lys og ofte tek fleire frå staben med seg matpakka og spiser den her ilag med bygdafolket. Ein fin måte å møtast på i ei uformell setting.

Nokre av tiltaka:

- Frivilligsentralen sitt aktivitetsrom er i bruk heile veka med mange ulike tilbod
- Undervisningstiltak i trusopplæringa 0-18 år gjennom heile året
- Tweens: Fredagkveldstilbod for ungdom ein gong per månad
- Tombola-kafe ute i bakhagen, sporadisk tiltak etter verforholda
- Superlaurdagar: Tilbod for barnefamiliar ein gong per månad, samlingsstund, måltid, historie og song
- Onsdagsmiddag for bygda kvar onsdag (annakvar gong med barnekorøving etterpå)
- Småbarnsong annakvar onsdag
- Babysong (kyrkjelydshus eller kyrkja)
- Torsdagstreff ala Sjømannskyrkja annakvar veke på formiddagen, vaflar & kaffi, andakt, fellessong

Utleige:

- Speidarane har eige aktivitetsrom
- Hareid Tensing og band har eige bandrom
- 3B-bibelgruppe
- Korøvingar vaksenkor
- Hafest-konsert 1 gong i månaden
- Minnesamver etter gravferd
- Konsertar og korkafeear
- Selskap og arrangement
- Møteverksemd



12.2. Renoveringsprosjekt i 2023

Vi må fortløpande jobbe for å vidareutvikle og oppgradere huset for at det skal vere attraktivt for leigetakarar og anvendeleg til formåla med huset. Dette gjerast i takt med inntekter til huset og tilgjengelege midlar. Mykje av renoveringa er det frivillige som bidreg med, og utan frivillig engasjement hadde vi ikkje vore der vi er i dag. Vi har gjort følgjande oppgradering i 2023.

Dametoalettet: Slo opp det gamle betonggolvet, for å blende eit rør for å unngå kloakkluft som siva ut i bygget. Nytt betonggolv blei lagt og nytt belegg blei lagt på alle toalettroma. Ny badromsinneing og nytt veggmontert stellebord. Arbeidet blei utført av innleig fagkompetanse.

Herretoalettet: Fjerna urinal og i staden satt inn utslagsvask og fått montert varmtvasstank. Arbeidet blei gjort av innleigd fagkompetanse.

Nytt tak over inngang til Friviligsentralen: Då det var fare for både takras og istappar som kunne falle ned foran inngangsdøra. Arbeidet blei utført av HS Rise Bygg AS.

Nytt golv: Vi fekk ei raus frivillig gåve for å kunne leggje nytt golv i lisjesalen 1. etg., slik som tidlegare var gjort i storesalen i 2. etg. Arbeidet blei gjort på dugnad av dyktige frivillige karar. Ein yngre garde sjaua og reiv ut det gamle golvet. Ein litt meir moden garde snikra og la det nye golvet på mesterleg vis. Takk til alle for super innsats, samhandling skap resultat og gleder mange! Kjekt å kunne vidareutvikle og oppgradere huset.



DEN YNGRE GARDE I SVING: Frå venstre Paul Magne Worren, Trond Welle, Bård Grimstad og Rune Pilskog, reiv ut det gamle golvbelegget, sjaua, fjerna plater og tusenvis av småspiker – for å klargjere legging av nytt golv. Foto: Hareid sokn



LITT MEIR MODEN GARDE I SVING:

*Desse karane overtok arbeidet etterpå og la det nye golvet i lisjesalen 1. etg. Blei eit superflott resultat! Frå venstre Torgeir Ringstad, Oddbjørn Grimstad, Arild Grimstad og Leidulv Hareide.
Foto: Hareid sokn*

Oppvaskmaskinen og ventilator på kjøkkenet rauk samtidig og vi måtte hastebestille inn nytt, elles kunne vi ikkje leige ut huset til selskap, minnesamvær, osv. Midlar til dette blei delvis innsamla frå frivillige via digital «SPLEIS» på Facebook. Vi takkar alle som bidrog slik at vi kunne fortsette utleige av huset med nødvendig utstyr på storkjøkkenet!

12.3. Gjevarteneste

For å kunne drifte eit kyrkjelydshus til glede for folk og fellesskap i bygda, må vi sjølvsgatt ha inntekter. Ein del av dette får vi gjennom utleige av huset, og i tillegg iverksett vi ulike aktivitetar gjennom året som gir inntekter til huset, som lodd/tombola og matsal på ulike arrangement, loddbøker, og «Min favoritt»-konsert er ein viktig og stor inntektspost. I tillegg får vi ein del gjennom dei frivillige som er med på gjevartenesta til kyrkjelydshuset, og vi tek gjerne imot fleire støttespelarar. Det er og ein stor og viktig verdi i alt frivillig arbeid som gjerast, der vi slepp å betale for tenestane som gjerast. Vi takkar alle gode hjelparar!

Huset driv seg ikkje sjølv, vi treng innsats frå kyrkjelyden ilag med stab og sokneråd. Gjevartenesta gir viktige tiltrengte midlar til huset. Desse midlane er øyremerka kyrkjelydshuset. Nokre gir månadlege beløp og andre gir større eingongsbeløp. I 2023 hadde vi 25 gjevarar som tilsaman gav kr 192.950, herav to gjevarar som gav midlar øyremerka følgjande prosjekt: Nytt golv sal 1. etg. kr 68.450, og rett før jul bestilte vi nye scenelys 2. etg. kr 19.882 (monterast i 2024). Vi takkar så mykje for rause gåver!



12.4. Korleis bli fast gjevar?

For å bli fast gjevar må du opprette fast trekk i din nettbank, til vårt bankkonto 3910.61.74494. Midlane blir øymerka kyrkjelydshuset. Årleg gåve over kr 500 gir rett til skattefrådrag, då treng vi ditt fødselsnummer. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper vi deg gjerne.

Vi er takksam for alle gåver til kyrkjelydshuset:

VIPPS 525936

Bankkontonr: 3910.61.74494

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon 70095130

Epost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no

12.5. Økonomisk oversikt kyrkjelydshuset 2023

Hareid sokn eig kyrkjelydshuset og er ansvarleg for drift og vedlikehald av huset, medan Hareid kommune betener lånet for det nybygde kyrkjekontoret.

Brutto inntekter 2023:	kr 1.016.989
Herav gjevarteneste	kr 104.650
og andre gåver (golv 1. etg. og scenelys)	kr 88.300
og bruk av fond KLH (reovering toalett)	kr 55.000
Brutto utgifter 2023:	kr -969.382
Resultat 2023 (mindreforbruk)	kr 47.607

Vi opplever at kyrkjelydshuset er eit godt reiskap for å tene arbeidet i soknet. Det er vesentleg at vi har god økonomi for drift og fortløpande oppgradering av huset. Oppgradering styrast ut frå driftsinntekter, og ikkje minst frå gåver og gjevarteneste som måtte kome inn frå kyrkjelyden. På denne måten utviklar vi huset og held kontroll på økonomien. Vi har eit ynskje om at fleire kan stille seg bak gjevartenesta til kyrkjelydshuset slik at vi kan trygge økonomien og utviklinga.

DRAUMEN VIDARE:

- **Nye veggar, tak og belysning i lisjesalen 1. etg.**
- **Isolering av veggar i storsalen 2. etg.**
- **Nye vinduer og belysning i taket på storkjøkenet**



13. Økonomi: Førebels rekneskap og budsjett

Økonomisk oversikt drift

Hareid Sokn 2023

Regnskapsskjema - Driftsregnskapet	Rekneskap 2023	Regulert budsjett 2023	Opprinneleg budsjett 2023	Rekneskap 2022
Inntekter				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-1 415 880	-1 199 500	-1 199 500	-1 334 292
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	0	0	0	0
3 Refusjoner/overføringer	-1 090 420	-881 000	-881 000	-1 198 140
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	-290 802	-290 802	-290 802	-212 000
5 Statlige tilskudd	-711 000	-680 000	-680 000	-416 000
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	0	0	0	-7 800
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-3 963 004	-3 963 000	-3 963 000	-4 191 927
8 Tilskudd fra soknets organer	0	0	0	0
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-1 130 623	-684 500	-684 500	-818 758
10 Sum driftsinntekter	-8 601 730	-7 698 802	-7 698 802	-8 178 917
Utgifter				
11 Lønn og sosiale utgifter	5 030 113	4 905 211	4 905 211	4 781 755
12 Kjøp av varer og tjenester	1 966 980	1 715 477	1 757 767	2 090 316
13 Refusjoner/overføringer	452 650	433 000	342 000	483 744
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	290 802	290 802	290 802	212 000
15 Tilskudd og gaver	364 728	350 000	350 000	405 244
16 Sum driftsutgifter:	8 105 273	7 694 490	7 645 780	7 973 059
17 Brutto driftsresultat:	-496 457	-4 312	-53 022	-205 858
* 18 Renteinntekter og utbytte	-125 781	0	0	-34 022
19 Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0
20 Renteutgifter og låneomkostn.	278	2 000	2 000	743
21 Avdrag på lån	12 500	25 000	25 000	25 000
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0	0	0	0
23 Netto finansinntekter/-utgifter	-113 003	27 000	27 000	-8 279
24 Avskrivninger	101 639	116 000	116 000	107 366
25 Motpost avskrivninger	-101 639	-116 000	-116 000	-107 366
26 Netto driftsresultat	-609 460	22 688	-26 022	-214 137
Interne finansieringstransaksjoner:				
27 Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	-85 015	0	0	0
28 Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	-287 008
29 Bruk av bundne fond	-495 108	-186 210	-137 500	-74 055
30 Sum bruk av avsetninger	-580 123	-186 210	-137 500	-361 062
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0	0	0	65 446
32 Avsatt til disposisjonsfond	85 015	0	0	0
33 Avsatt til bundne fond	953 660	123 522	123 522	392 286
34 Overført til investeringsregnskapet	18 561	40 000	40 000	32 452
35 Sum avsetninger	1 057 236	163 522	163 522	490 184
36 MINDREFORBRUK	-132 346	0	0	-85 015

Kommentarer:

Tala viser førebels rekneskap 2023, då endeleg rekneskap ikkje er klart.

- * Det blei ikkje budsjettert for renteinntekter i 2023 (kr 125.781) som utgjør storparten av beløpet for mindreforbruket i 2023 (kr 132.346).

Førebels resultat 2023, ekskl. renteinntekter: kr 6.565 i mindreforbruk



Balanserekneskapen

Hareid sokn 2023

BALANSE	Regnskap 2023	Regnskap 2022
EIENDELER:		
A - Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	1 202 513	1 304 152
Utstyr, maskiner og transportmidler	4	4
Utlån	0	0
Aksjer og andeler	209 753	209 753
B - Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	452 044	538 028
Aksjer og andeler	0	0
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, bankinnskudd	3 833 325	3 240 501
C - SUM EIENDELER:	5 697 640	5 292 438
EGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Egenkapital		
Disposisjonsfond	814 616	729 601
Bundne driftsfond	2 104 055	1 645 502
Ubundne investeringsfond	0	0
Bundne investeringsfond	0	0
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0	0
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk	132 346	85 015
Regnskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Kapitalkonto	1 412 270	1 501 409
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	0	12 500
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0	0
Annen kortsiktig gjeld	1 234 352	1 318 411
G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	5 697 640	5 292 438
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto for memoriakontiene	0	0



14. Kommunikasjon & kontakt

Hareid sokn sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbyggerane i Hareid kommune. Vi ønskjer å gjere kyrkja synleg på ein god og verdig måte, samt nå ut i ulike kanalar med informasjon om våre arrangement og vårt samfunnsnyttige arbeid. Vi har eit god samarbeid med Hareid kommune og ordførar er kommunen sin representant i Hareid kyrkjelege fellesråd. Dette er med på å verdsette kyrkja sitt arbeid og gjev oss viktig kontakt. Gjennom ein samarbeidsavtale med kommunen får Hareid sokn føreseielege rammer for arbeidet og det er viktig med god dialog for eit godt samarbeidsklima. Gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, lønsutbetaling og tilknytt personaladministrative rutinar for dei tilsette, porto, IKT, reinhald og tenester knytt til gravearbeid på kyrkjegarden i høve ferietid/sjukdom.

14.1. Kyrkjesida i lokalavisa

Annakvar veke leverer Hareid sokn materiale til "Kyrkjesida" i lokalavisa Vikebladet Vestposten, der ein når fram til mange husstandar. Dette er eit samarbeid med lokalavisa og med Ulstein sokn som og leverer annakvar veke, ei verdifull ordning for å informere om aktivitetane i kyrkjelyden. Vi sender også redaksjonelt stoff til lokalavisa, samt annonser ved høve.



STABEN I HAREID SOKN: Bak frå venstre: Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog), Heidi Pedersen Kvalsvik (leiar Frivilligsentralen), Eli- Sølvi Jønsson (sekretær). Forran frå venstre: Ida Teige (kantor/organist), Bente Andreassen Pilskog (kyrkjevevjerje) og Anton Tonev (kyrkjetenar/gardsarbeidar). Foto: Erlend Friestad



14.2. Heimeside og sosiale media

Her kan du lese om våre aktiviteter, melde inn dåp, finne generell informasjon og lese nyhende. Å følge med i tida og vere synleg på sosiale media er viktig for å formidle dei ulike ting som skjer. Samstundes lagast det informasjonshefter og invitasjonar som sendast i brevform eller epost. Vi har også eiga Facebookside (Hareid kyrkje), det same har Frivilligsentralen vår (Hareid Frivilligsentral) og bruktbukken (Gjenbruk – Brukt & Billig). Hareid kyrkje er også på Instagram (Hareid kyrkje) for å nå endå fleire av dei yngre.

Det nye soknerådet i Hareid - for perioden 2023-2027



Bak frå venstre: Marit Øien S., Elisabeth Øvrelid, Elling Bjåstad, Stein B. Karstensen (leiar), Leidulv Hareide, Karsten Robert Kirkebø, Aud Helen Tjervåg Øvrelid, Sissel Anita Riise (nestleiar). Forran frå venstre: Marita Husøy Mork, Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Bente Andreassen Pilskog (kyrkjeverje) og Vibeke Rafteseth.

Ikkje med på biletet: Sissel Janka Knardal, Anne-Liv Holstad, Birte Mork Fure og kommunen sin repr. i fellesrådet ordførar Bernt Brandal. Foto: Hareid sokn

Hareid sokn

Bedehusgata 17, postboks 48, 6069 Hareid

Tlf. 700 95130

Epost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no

Heimeside: hareid.kyrkja.no - Facebook: Hareid kyrkje - Instagram: Hareid kyrkje